



Ragny Lisbeth E. Maaseide  
Ådlandsvegen 553  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3399 - 14/12079

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
13.08.2014

## Førespurnad om opplysningar tilknytt påstått byggjetiltak på gbnr. 40/5 i Meland kommune

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det skal vere satt i verk byggjetiltak på gbnr. 40/5 – i form av vesentlege terrenginngrep og tilførsel av større mengder masse – utan at kommunen kan sjå å ha motteke søknad eller godkjent eit slikt tiltak på denne eigedomen.

Alle byggjetiltak er avhengige av søknad og byggjeløyve, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Når det gjeld terrenginngrep er «*mindre tiltak utendørs*» fritatt frå søknadsplikt, jf. § 20-3 bokstav d.

Opplysningane Meland kommune har motteke talar for at det påståtte byggjetiltaket på gbnr. 40/5 er større enn kva som er omfatta av unntaksføresegna § 20-3 bokstav d, slik at tiltaket er avhengig av søknad og byggjeløyve, jf. pbl. § 20-1 første ledd, bokstav k. Slike byggjetiltak skal som utgangspunkt omsøkjast, prosjekterast og utførast av føretak med ansvarsrett, jf. pbl. § 20-1 andre ledd.

Dersom eit tiltak kjem i strid med gjeldande lov- eller plangrunnlag kan kommunen uansett ikkje godkjenne tiltaket utan naudsynt dispensasjon eller planendring, jf. høvesvis pbl. § 19-2 og pbl. kap. 11-12.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 40/5, og ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er utført arbeid på eigedomen som skildra over. Om slikt arbeid er utført, ber administrasjonen i tillegg om ei utgreiing om utførte arbeider (omfang, storleik m.v.).

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven har kommunen ein plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege tiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding vert sett til 2.9.2014.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Ragny Lisbeth E. Maaseide

Ådlandsvegen 553 5918

FREKHAUG